



Tor Lien  
Kalfarveien 35 i  
5018 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8908 - 22/84282

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
14.11.2022

## **Klage på avslag på søknad om nedsetting av tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven tas delvis til følge - gbnr 212/66 Eikanger øvre**

**Administrativt vedtak:**      **Saknr: 1246/22**  
**Tiltak:**                      Riving av kai  
**Byggjestad:**              Gbnr: 212/66  
**Tiltakshavar:**              Tor Lien  
**Ansvarleg søkjar:**

### **VEDTAK:**

**Klage på avslag på søknad om nedsetting av tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven for ulovlege tiltak tas delvis til følge og vedtak i sak 20/8908, datert 17.12.2020, vert delvis gjort om:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §32-5 andre ledd tredje punktum vert deler av fastsett tvangsmulkt etter plan- og bygningslova for ulovlege tiltak tilbakebetalt til klagar pålydande kr 65.250,-.**

**Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.**

### **Saksopplysningar**

Saka gjeld klage på delegert vedtak i sak 20/8908, datert 17.12.2020, om avslag på søknad om nedsetting av tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven for fleire ulovlege tiltak på eigedommen med krav til retting og tilbakeføring.

Dei ulovlege tiltaka var steinkai mot aust utvida til ca. 75kvm, anneks, båtgarasje og flytebrygge.

Vedtaket har følgjande ordlyd:

«VEDTAK:

Søknad om nedsetting av tvangsmulkt vert avslått, jf. plan og bygningslova § 32-5.

Saka er handsama administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.»

Søknad av 15.10.2020 om nedsetting av tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven for ulovlege tiltak vart avslått i vedtak av 17.12.2020. Det er dette vedtaket som er påklaga og gjenstand for klagebehandling.

Klagar er ilagt kr 732.750,- i tvangsmulkt i perioden 16.04.2012 - 27.04.2020. Tvangsmulkt er innkravd i perioden frå 16.04.2012 – 27.04.2020 i tråd med vedtak om krav om retting og tvangsmulkt, datert 20.12.2011, frå Fylkesmannen i Hordaland.

Tvangsmulkten i saka er delt inn i eit eingongsvedtak og dagbøter for fleire ulovlege tiltak med krav til retting og tilbakeføring. Eingongsvedtaket skal betalast som eingongssum. Dagmulkta løpar dagleg fram til samtlige ulovlege tilfelle er retta og tilbakeført.

Tvangsmulkten var opprinneleg fastsett av Lindås kommune til kr 50.000,- og dagsmulkt til kr 500,-. Fylkesmannen reduserte tvangsmulkten forholdsmessig til kr 25.000,- og kr 250,- i dagmulkt i vedtaket av 20.12.2011 då tal ulovlege tiltak var redusert.

### **Klage**

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar og grunneigar av gbnr 212/66, Tor Lien, på delegert vedtak av 17.12.2020 om avslag på søknad om nedsetting av tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven for ulovlege tiltak.

Kommunen beklagar lang sakshandsamingstid i saka.

### **Klagerett og klagefrist**

Tiltakshavar og grunneigar, Tor Lien, er den ansvarlege for dei ulovlege tiltaka og den som tvangsmulkten skal rettast mot. Han har klagerett som part i saka.

Vedtaket av 17.12.2020 er sendt ut same dag. Klagen er rettidig (innan rett tid) mottatt den 06.01.2021 og sist supplert i skriv mottatt 28.01.2021.

### **Heimel**

Heimel for ilegging av tvangsmulkt er pbl. §32-5.

Pbl. §32-5 første ledd første punktum heimlar mynde til å fastsette tvangsmulkt for å få gjennomført gitte pålegg innan ein særskilt angitt frist. Forarbeidane<sup>1</sup> viser til at det overordna mål er å sikre effektivitet i handheving av pålegg etter loven og sørge for at dei påbod som kommunen setter vert følgd.

Utgangspunktet er at tvangsmulkten fastsettast samtidig med pålegg om retting og løpar frå fristoverskridinga for retting, jf. pbl. §35 første ledd andre punktum. Det er ein forutsetning for tvangsmulkt at pålegget lar seg gjennomføre.

---

<sup>1</sup> Ot.prp. nr.45 (2007-2008) s. 354

Pbl. §32-5 andre ledd første punktum skisserer her tre måtar tvangsmulkten kan fastsettast. Det kan fastsettast at tvangsmulkten løpar så lenge det ulovlege forhold varer enten som eit eingongsbeløp, løypande mulkt eller som en kombinasjon av løypande mulkt og eingongsbeløp. Verken loven eller forarbeidane gjev uttrykk for nokon prioriteringar for kva slags løysning kommunen kan velje.

Tvangsmulkten illeggast den ansvarlege for ulovlege tiltak og er den som pålegget skal rettast mot og det er kommunen som er mottakar av tvangsmulkten, jf. pbl. §32-5 andre ledd andre punktum. Eit vedtak om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg.

Vidare viser pbl. §32-5 andre ledd tredje punktum at kommunen har ein skjønsmessig adgang til å nedsette eller fråfalle en allereie påløpt tvangsmulkt. Kommunen kan foreta ein vurdering av fordelar og ulemper, men slik fråfall kan først skje etter at retting av funnet sted.

### Historikk - kronologisk oversikt

Dato	Tiltak/hending
22.10.2010	Førehandsvarsel datert 22.10.2010 med gitt frist for å kunne søke.
25.11.2010	Frist for å kunne søke.
15.12.2010	Det vart innan fristen mottatt ei utgreiing for tiltakshavar sitt syn på saka og ikkje ein komplett søknad. Kommunen legg imidlertid utgreiinga frå tiltakshavar til grunn. Kommunen vurderer søknaden som <u>søknad nr.1</u> i ein legaliseringsprosess.
08.03.2011	<u>Søknad nr. 1</u> vart realitetshandsama, det vart gitt avslag på byggesøknad om dei ulike ulovlege tilfella samtidig som det vert gitt pålegg om retting og tilbakeføring for fleire ulovlege tiltak på eigedomen med frist innan 09.09.2011 i vedtak, datert 08.03.2011.  Det er gitt gebyr for handsaming av søknad og det vart påpekt ulovleg byggearbeid pålydande kr 23.100,-
11.05.2011	Pålegg om retting og tvangsmulkt vert påklaga av tiltakshavar. Kommunen avslår klagen i møte i for PMU (Plan- og miljø utvalet – politisk utval i tidlegare Lindås kommune) den 11.05.2011. Saka vert sendt til endeleg behandling hos Fylkesmannen (no Statsforvaltaren i Vestland).
20.12.2011	Vedtak frå Fylkesmannen som opphevar fleire av tiltak om retting, herunder trappearrangement ned mot kai vest, støttemur og blokkstein i sjø. Det vart satt krav om retting og tilbakeføring for steinkai mot aust, tilbakeføring av annekstak over båtgarasje og flytebyggje.  <u>Frist for retting og tilbakeføring var satt til 15.04.2012.</u>

	Tvangsmulkt og dagmulkt vart forholdsmessig halvert som følgje av redusert tal ulovlege tilfelle. Tvangsmulkt var fastsett til kr 25.000,- Dagsmulkt var fastsett til kr 250,-
25.04.2012	Fylkesmannen gjer om vedtak om utsatt frist for retting til 15.05.2012.
15.05.2012	Kommunen mottok rundt 15.05.2012 <u>søknad nr.2</u> om legalisering (søknad om godkjenning av dei ulovleg tiltaka.) Dette gjaldt steinkai mot aust, anneks, båtgarasje og flytebrygge. <u>Søknad nr.2</u> er frå ansvarleg føretak og rimeleg godt utforma. Til tross for dette vert det nødvendig å sende ut mangelbrev.
Desember 2012	Det går ca. 6 mnd. før kommunen sender ut mangelbrev på <u>søknad nr. 2</u> nærmare bestemt i desember 2012.  Mangelbrev vert supplert innan ca. 2 veker og innan same månad. <u>Søknad nr.2</u> var no komplett og klar til handsaming.  Det går så ytterlegare ca. 6 mnd. før <u>søknad nr. 2</u> vert handsama.  For <u>søknad nr.2</u> er samla sakshandsamingstid over eit år.
08.05.2013	Vedtak om avslag på <u>søknad nr.2</u> om utviding av steinkai og anneks.
04.06.2013	Vedtak om godkjenning av <u>søknad nr.2</u> om båtgarasje og flytebrygge.
13.12.2013	Varsel om søksmål for prøving av gyldigheit av avslag på søknad om utviding av steinkai og anneks.
13.01.2014	Brev frå kommunen om at ein vil handsame klage på avslag på søknad om utviding av steinkai og anneks til tross for at klagefristen har gått ut.
05.03.2014	Klage på avslag på søknad om utviding av steinkai og anneks tas ikkje til følgje i PMU (Plan- og miljø utvalet – politisk utval i tidlegare Lindås kommune). Avslaget på søknad om utviding av steinkai og anneks vert oppretthalden.
23.04.2014	Pålegg om tilsvar til tingretten vedrørende søksmål om avslag på søknad om utviding av steinkai og anneks. Rettsleg prosess gjennomførast.
20.05.2015	Det utstedes fakturagrunnlag for ulovleg tilfelle pålydande kr 273 750,-. Kr 25 000,- i tvangsmulkt er opplyst fakturert 08.07.12. Det

	skal sendes dagmulkt for perioden 16.04.2012 til 15.04.2015. Dette utgjør 1095 dager a 250,-
14.06.2017	Ny søknad om legalisering av steinkai. Denne søknaden vart avvist og klagen førte ikkje fram.
27.04.2020	Arbeidet med retting/tilbakeføring av kaianlegg var opplyst avslutta av tiltakshavar.  <u>Dagbøter/tvangsmulkt opphørte f.o.m., 27.04.2020.</u>
04.05.2020	Tiltakshavar opplys i e-post at steinkai mot aust vart tilbakeført den 27.04.2020 og i samsvar med gjeldande løyve.
25.06.2020	Kommunen var på synfaring saman med tiltakshavar. Steinkai mot aust var ansett tilfredsstillande tilbakeført og arbeidet var ansett avslutta den 27.04.2020.
29.06.2020	Saka vart avslutta rå kommunen si side med skriftleg tilbakemelding til tiltakshavar med verknad frå 27.04.2020.
15.10.2020	Søknad om nedsetting av ilagt tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven for ulovlege tiltak.
17.12.2020	Avslått søknad om nedsetting av ilagt tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven for ulovlege tiltak .
06.01.2021, sist supplert 28.01.2021	Klage på avslag på søknad om nedsetting av ilagt tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven for fleire ulovlege tiltak .
14.11.2022	Klagen av 06.01.2021 er ferdig handsama.  Klage på avslag på søknad om nedsetting av tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven for ulovlege tiltak tas delvis til følgje og vedtak av 17.12.2020, vert delvis gjort om.  Deler av fastsett tvangsmulkt etter plan- og bygningslova for ulovlege tiltak vert tilbakebetalt til klagar pålydande kr 65.250,-.

**Kart/foto**

Oversiktbilete – Norge i bilder



Bilete frå synfaring den 25.06.2020







### **Klagegrunnar**

Klagen er i hovudsak grunngeve med følgjande:

Rettsleg og faktisk grunnlag for avslaget er ikkje riktig med den følgje at vedtaket av 17.12.2020 for avslag på søknad om nedsetting av tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven er ugyldig. Søknaden skal underleggast ei ny vurdering med vekt på forholdsmessigheit og rimelegheit. Dersom tvangsmulkt skal inndrivast i denne saka, er øvre grense for maksimal tvangsmulkt kr 100.000,-.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

### **VURDERING**

Vi viser til den vurderinga som er gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn, forutan konklusjonen om å ikkje nedsette tvangsmulkten i det heile:

«Grunnlaget for å krevje inn tvangsmulkt og dagmulkt gjeld frå 15.04.12, som er den fristen som fylkesmannen sette i vedtak datert 20.12.11. Tvangsmulkt forfell med ein gang tilfellet ikkje er tilbakeført innan fristen, mens dagmulkt løper fram til tiltaket enten er legalisert eller tilbakeført.

Delar av dei ulovlege tilfella har blitt legalisert gjennom ettergodkjenning ved søknad. Søknader om legalisering av steinkai har ikkje har ført fram. Kommunen fekk melding om at det ulovlege tilfellet var tilbakeført den 27.04.20 og har lagt denne datoen til grunn for å stopp av dagmulkten.

Det følgjer av pbl. § 32-5 andre ledd siste setning at når det ulovlege forholdet er retta «kan kommunen nedsette eller frafalle ilagt tvangsmulkt».

Videre følgjer det av Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) side 355 at heimelen gir kommunen «en skjønsmessig adgang til å nedsette eller frafalle en allerede påløpt tvangsmulkt, for eksempel ut fra en økonomisk betraktning hvor prosesskostnadene måles opp mot antatt gevinst. Slikt frafall kan først skje etter at retting har funnet sted. Ettergivelse av tvangsmulkt kan i enkelte tilfeller være et virkemiddel for å få rettet ulovligheten, dersom man underretter om at ettergivelse av forfalt tvangsmulkt vil bli vurdert når det ulovlige forhold er rettet.»

### Søknad, klage og rettsleg prosess

At tiltakshavar vel å gå inn i nye søknadsprosessar og rettsleg prosess i etterkant av avslaget gjev ikkje grunnlag for å stoppe dagmulkten. Risikoen for å gå gjennom ein slik prosess framfor å rette opp i dei ulovlege tilfella ligg på tiltakshavar sjølv. Kommunen vil i denne samanheng poengtere at det ikkje er sjølve vedtaket om pålegget om retting og tvangsmulkt som er tatt inn for domstolen, men delvis avslag på søknad om legalisering av tiltaka. Pålegget om retting og tvangsmulkt er korkje klagd på eller brakt inn for domstolen.

Den rettslege prosessen inneber ikkje grunnlag for å stoppe innkrevjing av dagmulkt. All den tid den rettslege prosessen ikkje konkluderer med at tiltaka var lovleg er det naturleg at dagmulkt løper både under prosessen og i etterkant.

Heller ikkje søknad om legalisering inneber at kommunen må stoppe innkrevjing av tvangsmulkt parallelt med søknadsprosessen.

### Reduksjon av dagmulkt som følgje av delvis legalisering

Kommunen er ikkje samd i påstanden om at reduksjon i tal på ulovlege tilfeller tilseier reduksjon av størrelse på dagmulkt. Dagmulkt løper som vedteke til alle dei ulovlege tilfella enten er retta eller legalisert.

Kommunen vurderer også at vedteken dagmulkt på 250,- per dag ikkje er urimeleg høg i forhold til ulovleg utviding av steinkai. Ein ulovleg utviding av steinkai på ca 75 kvm er eit stort og inngripande tiltak som i seg sjølv inneber at ein dagmulkt på 250 kr er forholdsmessig i høve til overtredelsen, jf. pbl. § 32-10.

Ein lågare dagmulkt enn det som er satt vil etter kommunen sitt skjønn ikkje være tilfredsstillande for å sikre rimeleg framdrift og resultat i saka.

### Påstand om lovnad om politisk behandling

Det følgjer av Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) side 355 at «[e]ttergivelse av tvangsmulkt kan i enkelte tilfeller være et virkemiddel for å få rettet ulovligheten, dersom man underretter om at ettergivelse av forfalt tvangsmulkt vil bli vurdert når det ulovlige forhold er rettet.»

Kommunen har gått igjennom saka og finn ikkje at det i saksdokumenta er uttalt korkje frå administrasjonen eller politisk hald at dersom retting skjer vil tvangsmulkt bli nedsatt eller fråfalt. Administrasjonen er ikkje kjent med påståtte utsegn frå politisk hald i tidlegare Lindås kommune og kan ikkje legge dette til grunn i saka.

### Dobbeltstraff

Det vises til at gebyr for behandling av søknad saman med dagmulkt vurderes som dobbel straff. Dette er ikkje rett forståelse av regelverket. Gebyr for saksbehandling er likt for alle søknader, både nye tiltak og legalisering av ulovlege tiltak og følgjer av kommuns til ein kvar tids gjeldande gebyrregulativ. Dagmulkt er ein mulkt som føremål å verke som incentiv for å snarast mogleg rette oppi ulovlege tilfeller uten unødig opphold. Ingen av desse gebyrene er å rekne som straff etter EMK art. 6.

Kommunen kan gjere vedtak om lovbrotsgebyr for ulovlege tilfeller. Dette er einaste straffereaksjonen kommunen har i form av gebyr og dette har ikkje vorte gjort i denne saka.



Dagmulkt vart ikkje sett i gang før etter at frist for retting var gått ut. Dagmulkt vart også stoppa så snart alle dei ulovlege tilfella enten var legalisert eller tilbakeført.»

### Vurdering klageomgangen

Pbl. §32-5 andre ledd tredje punktum gir kommunen ein skjønsmessig adgang til å nedsette eller fråfalle ein allereie påløpt tvangsmulkt. Kommunen kan her foreta en vurdering av fordeler og ulemper, men slikt fråfall kan først skje etter at retting av funnet sted.

Å kunne nedsette tvangsmulkt på bakgrunn av kommunens lange sakshandsamingstid, er det gitt rom for i pbl. §32 5 andre ledd tredje punktum. Etter ordlyden er det mogleg for kommunen å nedsette/fråfalle tvangsmulkten på det tidspunktet det ulovlege forholda er retta. Forutsetning er altså at det ulovlege tilhøva ikkje lengre er tilstades, men er ordna. Eit tiltak kan vere retta, tilbakeført eller det kan ligge føre løyve til tiltaket for å vere eit lovleg tiltak.

Etter ordlyden i pbl. §32 5 andre ledd tredje punktum gis det rom for kommunen å nytte skjønn, jf. «kan», når det skal tas stilling til om ein tvangsmulkt skal nedsettast/fråfallas. Kommunen forstår «kan» dithen at det er eit fritt forvaltningskjønn, der det er kommunen som vil kunne avgjere om tvangsmulkt skal nedsettast eller fråfallas. Dette frie forvaltningskjønn kan som hovudregel ikkje overprøvast av domstolane.

Forarbeidane<sup>2</sup> til pbl. §35 andre ledd tredje punktum viser til kommunen sin skjønsmessig adgang til å nedsette eller fråfalle ein allereie påløpt tvangsmulkt. Eksempel kan vere ein økonomisk betraktning kor prosesskostnadene målast opp mot antatt gevinst. Slikt fråfall kan først skje etter at retting har funnet sted. Å ettergi tvangsmulkt kan i enkelte tilfelle vere eit verkemiddel for å få retta ulovlegheita, dersom man underretter om at ettergiving av forfalt tvangsmulkt vil bli vurdert når det ulovlege forhold er retta.

Kommunen forstår lov og forarbeider dithen at kommunen kan sjølv vurdere om tvangsmulkt skal nedsettast i den enkelte sak etter en konkret skjønsmessig heilskapleg vurdering under føresetnad at tiltaket er retta. Kommunen kan difor foreta ein vurdering av fordeler og ulemper, men slik fråfall kan først skje etter at retting av funnet sted.

I vår sak, så vart det innan fristen mottatt ei utgreiing for tiltakshavar sitt syn på saka og ikkje ein komplett søknad. Kommunen legg imidlertid utgreiinga til grunn og realitetsbehandlar søknaden. Kommunen vurderer dette difor som søknad nr.1 i legaliseringsprosessen. Søknaden vart handsama samtidig som det vert gitt pålegg om retting i vedtak, datert 08.03.2011.

Søknad nr. 2 frå ansvarleg føretak var mottatt innan frist for retting rundt 15.05.2012 med det føremål å få dei ulovlege tiltaka godkjent og gjaldt steinkai, anneks, båtgarasje og flytebrygge. Det er ikkje krav om at dagmulkt skal stoppast mens søknad er til behandling. Dagens forvaltningspraksis i kommunen er slik at vi stoppar innkrevjing ved første søknad når denne er komplett. Dette har samanheng med at komplett søknad og tilhøyrande godkjenning i samsvar med gjeldande regelverk vert eit verkemiddel for å få retta ulovlegheita, slik lov og forarbeider legg opp til.

Det går ca. 6 mnd. før kommunen sender mangelbrev på søknaden. Mangelbrev vert supplert innan ca. 2 veker. Søknaden var no komplett. Det går så ca. 6 månader før søknaden vert behandla. Vedtak vart fatta 08.05.13 (avslag på anneks og steinkai) samt vedtak av 04.06.13 (godkjenning av båtgarasje og flytebrygge).

---

<sup>2</sup> Ot.prp. nr.45 (2007-2008) s. 354

Søknad nr. 2 gjennomgår ei sakshandsamingstid på over eit år.

I fordel- og ulempevurderinga kan det no drøftast om det skal gis fråfall av tvangsmulkt frå det tidspunkt det ligg føre komplett søknad for dei ulovlege tiltaka som kan stadfeste at dei ulovlege tiltaka er retta og tilbakeført i tråd med gjeldande regelverk.

Tiltakshavar og grunneigar, Tor Lien, er den ansvarlege for dei ulovlege tiltaka og han har gjort ein innsats for å rette opp i dei ulovlege tiltaka. Han vil ha ein klar fordel å få tilbakebetalt noko av tvangsmulkten samtidig som kommunen sender eit klart signal ut til både den ansvarlege og kommunen sine innbyggjarar at søknad med tilhøyrande godkjenning lønner seg. Det ligg føre fordel for både tiltakshavar og kommunen med ein komplett søknad for dei ulovlege tilhøva samt dei nasjonale interessa i strandsona.

For tiltakshavar vil det vere ei ulempe å betale tvangsmulkt når det ligg føre ein komplett søknad for dei ulovlege tiltaka. Oppfordringa tvangsmulkten skal bidra til å få inn ein komplett søknad, som synleggjer at dei ulovlege tiltaka er retta og tilbakeført i tråd med gjeldande regelverk, er borte.

For kommunen sin del vil ulempa med tilbakebetaling av eit større beløp vere tilstades, men det er kommunen som har venta med å behandle komplett søknad samtidig som tvangsmulkten løp. Når kommunen først har gitt tiltakshavar moglegheita til å søke om å få godkjent ulovlege tiltak, under føresetnad at det er i tråd med gjeldande regelverk, så må kommunen sjølv ta ansvar for svært lang sakshandsamingstid.

Ei slik løysing, som tilgodeser den ansvarlege sin innsats og ønskje om å rydde opp i sine ulovlege tiltak på eigedomen, skal tilgodesees i tråd med føremålet for tvangsmulkt som verkemiddel for å få retta ulovlegheita. Det er kommunen som må ta ulempa med å ettergi tvangsmulkt all den tid tiltakshavar har gjort det som kommunen har bedt ham om, dvs. sende inn komplett søknad for ulovlege tiltak i samsvar med gjeldande regelverk. Vidare ligg det føre ei lengre sakshandsamingstid for komplett søknad i tråd med gjeldande regelverk enn det ein ansvarleg med rimelegheit kan forventa.

Meir konkret vil det, med utgangspunkt i den del av søknaden som vart avslått (utviding av steinkai og annek), vere ei saksbehandlingstid på ca. 49 veker inklusiv frådrag på 2 veker på supplering av søknad. Også den del av søknaden som var godkjent (båtgarasje og flytebyggje) har ei tilsvarande lang sakshandsamingstid. Samtidig så var det på søknadstidspunktet ikkje krav etter plan- og bygningslova om at søknader måtte behandlast innan 12 veker for saker som omfatta dispensasjon slik det er i dag. Kommunen har soleis ikkje brote vår lovfesta saksbehandlingsfrist i handsaming av byggesaka.

Imidlertid er det urimeleg at lang saksbehandlingstid hjå kommunen går utover tiltakshavar ved fakturering av dagmulkt for komplett søknad nr.2. Dette gjeld særleg med tanke på føremålet med tvangsmulkt, som verkemiddel for å få retta ulovlegheita, og den økonomiske belastninga tvangsmulkt inneberer for den ansvarlege når han har retta og tilbakeført dei ulovlege tiltala i tråd med gjeldande regelverk.

Normal sakshandsamingsfrist etter dagens reglar ville vore 12+4 veker høyringsfrist, jf. pbl. §21-7. 49 veker minus normal saksbehandlingstid på totalt 16 veker (49-16=33), bør etter kommunen sitt skjønn vore trekt frå i fakturering av dagmulkt for perioden 15.05.2012 og fram til avslag 08.05.2013.

Dagmulkt skulle ikkje hatt effekt før 15.05.2012. Det trekkast frå 30 dagar av fakturert dagmulkt. Det trekkast frå 231 dagar av dagmulkt for unormalt lang saksbehandlingstid i forbindelse med handsaming av søknader motteke 15.05.2012 og behandla 08.05.2013. Totalt 261 dagar med dagmulkt a 250,- kr, totalt 65 250,- trekkjast frå av fakturert dagmulkt.

Det vert presisert frå kommunen si side at det er søknad nr.2, som kommunen gir frådrag på som følge av unormalt langs saksbehandlingstid og ikkje søknad nr.1.

### **Konklusjon klage**

Det er administrasjonen si vurdering at det har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen på avslag på søknad om nedsetting av tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven skal takast delvis til følgje og vedtaket av 17.12.2020 vert delvis gjort om:

Deler av fastsett tvangsmulkt etter plan- og bygningslova for ulovlege tiltak vert tilbakebetalt til klagar pålydande kr 65.250,-.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klagerett**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjievast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Klage på avslag på nedsetting av tvangsmulkt  
Ber om svar på epost - gbnr 212/66 Eikanger øvre  
Klage på avslag på søknad om bortfall/ refusjon av dagbøter - gbnr 212/66 Eikanger øvre  
Avslag på søknad om bortfall refusjon av dagbøter  
Stadfestar mottatt klage på avslag på søknad om nedsetting av gebyr med frist for supplering - gbnr 212/66 Eikanger øvre  
Klage på avslag på søknad om nedsetting av gebyr - gbnr 212/66 Eikanger øvre  
Avslag på søknad om nedsetting av tvangsmulkt - gbnr 212/66 Eikanger øvre  
Søknad om nedsetting av tvangsmulkt - gbnr 212/66 Eikanger øvre  
Inkassovarsel  
Betalingsvarsel med forfall 05.07.2020. Riving av kai 21266  
Inkassovarsel av 15.09.2020  
Avslutta sak om ulovleg tilfelle - gbnr 21266 Eikanger øvre

**Vedlegg:**

Notat frå synfaring 25.06.2020

Varsel om synfaring - gbnr 212/66 Eikanger øvre

Pålegg om riving av kai - gbnr 212/66

**Kopi til:**

Sivilombudet Stortingets Ombud For  
Kontroll Med Forvaltningen  
Tor Lien

Postboks 3 Sentrum

0101 OSLO

Kalfarveien 35 i

5018 BERGEN

**Mottakarar:**

Tor Lien

Kalfarveien 35 i

5018 BERGEN